



Det er stor aktivitet på Stølavikjo om dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For ei veke sidan var det slutt på ferien også for Rør-Dykk og Dale Entreprenør, som har oppdraget med det store avløpsprosjektet i Uskedalen.

Dei to har jobba bra og kome langt i samarbeidet om leggjinga av leidningar både i sjøen og på land. Det har ikkje minst vore stor aktivitet på Stølavikjo og skulen sitt område den siste veka og er det framleis..



Det blir tre rør ut frå pumpestasjonen: Eitt frå Beinavikjo, eitt mot Børnes og eitt for overløp. (Foto: Ola Matti Mathisen)
No står mellom anna føringa av to kloakkleidningar på Stølavikjo sentralt, opplyser Sigbjørn Øye i kommunen. Ein leidning er lagt frå Uskedalen Brygge, mellom Flatholm og fastlandet og fram til pumpestasjonen. Ein leidning går frå pumpestasjonen og mot Børnes.




Arbeidet med pumpestasjonen pågår for fullt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Til denne stasjonen skal det også førast kloakk heilt frå Rabben Feriesenter og denne llinken vart fullført før ferien, men det vart ikkje pumpestasjonen. Arbeidet også med den pågår framleis.

Ein viktig etappe er også leggjing av leidning frå området ved Eidsvik Skipsbyggeri og ned til reinseanlegget på Børnes. Også dette arbeidet er no godt igang, opplyser Øye.

- Kva seier tidsplanen om framdrifta?
- At prosjektet skal vera fullført tidleg på hausten.

Av Ola Matti Mathisen



Trykk på skissa så ser du korleis kloakkleidningane var planlagd. No er pumpestasjonen ved skulen flytta noiko.t.